

Møtereferat

Dato: 30.04.2015

Emne:	Møtereferat arbeidsgruppe HR HMT 220415		
Til stades:	Geir Davidsen, Ruth Brudvik, Arthur Tøsdal, Irene Næss, Gina H. Landro, Jorunn Bakke Johannesen, Frode Mannsåker og Rikke Richardsen.		
Forfall:			Sak: 2015/3577-2
Møtetid:	22. april 2015 kl. kl 09-11	Møtestad: Wigandgården, møterom Krinkelkroken	

Møteleiar: Frode Mannsåker**Referent: Rikke Richardsen**

0. Personaldirektør Geir Davidsen innleia kort om bakgrunn for oppretting av arbeidsgruppa og forventningar til det arbeidet som skal gjerast. Han sa og litt om den pågåande prosessen i personalseksjonen: Det er foreløpig sett ned 3 arbeidsgrupper: HR-praksis Rekruttering (leia av Karstein Oen), HR-praksis HMT (leia av Frode Mannsåker) og HR-strategi (leia av Johann Meyer). Det kan bli aktuelt med to eller fleire gruppe til – t.d HR-praksis IKT og HR-praksis Etikk. Det blir viktig framover å sørge for at gruppene samarbeider og synkroniserer resultatane sine etterkvart, slik at vi unngår dobbeltarbeid.
1. Referat frå oppstartsmøtet 25.03.15: Godkjent utan endringar
2. Mandatet for arbeidsgruppa: Frode Mannsåker la fram eit forslag til mandat. Det vart noko diskusjon rundt punkt B – Fleire ønskte at det vart lagt inn noko om kva for rolle linjeleiinga skal ha i framtida. Usikkert om dette perspektivet berre skal takast med i diskusjonen eller om det skal få så stor plass at det blir lagt inn i mandatet.
Det kom og framlegg om eit nytt punkt der det vert presisert at arbeidsgruppa skal samordne arbeidet sitt med øvrige arbeidsgrupper og prosessar i HFK, jf. punkt 0 over. Frode lagar ein justert versjon, som får status som eit foreløpig mandat.
3. Framdriftsplanar – milepæler: Det er sett datoar for 2 møte til før juli: 27.05 og 10.06. I løpet av denne perioden bør gruppa ha oversikt over kva som alt finnest av HMT-dokumentasjon i Kvalitetsportalen, og kva som manglar. Det er og ønskjeleg at det vert arrangert møte mellom arbeidsgruppene tidleg på hausten for å følgje opp punktet over.
Milepæler:
 - a) Kartlegging av gjeldande dokumentasjon: innan 01.09.15
 - b) Skisse for samhandling mellom ny HR-seksjon og Bedriftshelsetenesta: innan 01.09.15
 - c) Utkast til overordna dokument for HR-praksis HMT: innan 31.12.15

4. Oppstart kartlegging av dokumentasjon i Kvalitetsportalen: **Gina** og **Rikke** fekk i oppdrag å kartlegge kva som alt finnest i Kvalitetsportalen av aktuell dokumentasjon og kva som manglar– og leggje dette fram på neste møte. **Frode** sender ut forskrifta om bedriftshelseteneste til arbeidsgruppa, saman med oversikter over oppgåvene som til no er kartlagt for HMT-seksjonen/Bedriftshelsetenesta og Personalseksjonen.

Neste møte blir onsdag 27.05.2015 kl.0900- 1100, same stad (Wigandgården, Krinkelkroken).